



**ALVER**  
KOMMUNE

**Prolongering av avtale om  
kjøp av landbrukstenester mellom  
Alver kommune (seljar) og Modalen kommune (kjøpar)**

Alver kommune (Meland kommune før 1.1 2020) utfører kommunale tenester for Modalen kommune innan fagområda: jordbruk, skogbruk, miljø-/ naturforvaltning, vilt og næringsutvikling knytt til landbruk.

Avtale om kjøp av landbrukstenester vart inngått og undertekna av partane den 27.05.2010. Avtalen vart evaluert i 2017 og vart då avtalt forlenga til og med 2019. Det vart inngått ny avtale mellom Alver kommune og Modalen kommune for perioden 2020 -2021.

Intensjonen er å utforme ein ny avtale om vertskommunesamarbeid, men inntil den er på plass vert det her inngått ein samarbeidsavtale for 2022.

Avtalen kan seiast opp etter vilkår i opprinneleg avtale pkt. 6.

Årleg fakturert pris for kjøp av tenester er basert på historiske kostnadstal frå vertskommunesamarbeidet, med ein årleg prisauke på 2 %.

Årleg kostnad vert justert til kr. 239 292,- for år 2022. Faktura vert sendt ut i september.

Dato: 11.07.2022

Siril Therese Sylta  
Tenesteleiar Arealforvaltning

Jo Tømmerbakke  
Rådmann Modalen kommune